



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandler, innvalgstelefon

Eilin Reinaas, 71 25 84 18

Om informasjon på kommunale nettsider om helse- og omsorgstjenester

Statsforvalteren ber kommunane gå gjennom informasjonen om helse- og omsorgstjenester på nettsidene sine og sikre at han er korrekt, nyansert og i samsvar med regelverket.

Etter pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 har pasientar og brukarar rett til nødvendige helse- og omsorgstjenester frå kommunen. Kommunen skal vurdere behova til den enkelte konkret og individuelt.

Ansvar til kommunen omfattar ikkje berre å yte nødvendige helse- og omsorgstjenester til personar med eit etablert hjelpebehov. Etter helse- og omsorgstjenesteloven § 3-3 skal kommunen også fremme helse og førebygge sjukdom, skade og sosiale problem.

Nettsidene til kommunen som viktig informasjonskjelde

God og tilgjengeleg informasjon om tenestene kan bidra til at innbyggjarane tek kontakt med tenestene tidleg. Innbyggjarar som har behov for helse- og omsorgstjenester, orienterer seg ofte på nettsidene til kommunen før dei tek kontakt eller søker om hjelp.

Informasjonen må derfor ikkje gi inntrykk av at enkelte grupper ikkje kan søkje om tenester, eller at vilkåra for å få hjelp er strengare enn det som følgjer av regelverket.

Tildelingskriterium må ikkje framstå som absolutte vilkår

Statsforvalteren er kjend med at enkelte kommunar omtalar tildelingskriterium på nettsidene sine på ein måte som kan oppfattast som absolutte vilkår for å få tenester. Formuleringar om at søkjaren må mangle familie, nettverk eller andre som kan hjelpe, kan for eksempel gi inntrykk av at personar med pårørende eller eit sosialt nettverk ikkje kan få kommunale tenester. Foreldre har ansvar for sine barn som er under 18 år. Ektefelle/sambuar, familie og venner har inga lovfesta omsorgsplikt slik kommunane har.



Kommunane blir derfor oppmoda om å gå gjennom informasjonen på nettsidene sine og sikre at det kjem tydeleg fram at alle som meiner dei har behov for helse- og omsorgstenester, kan vende seg til kommunen og få behovet sitt vurdert individuelt og heilskapleg.

Med hilsen

(e.f.)

Eilin Reinaas
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Helse- og omsorgstjenesteloven

§ 3-1 plikt til å gi nødvendig hjelp til dei som oppheld seg i kommunen

§ 3-3 kommunen skal fremme helse og forebygge sjukdom, skade og sosiale problem

§ 3-6 kommunen plikter å tilby nødvendig pårørandestøtte i form av opplæring, avlastningstiltak og omsorgsstønad.

§ 4-1 plikt til å gi forsvarlege tenester

Pasient- og brukerrettighetsloven

§ 2-1 Pasient og bruker har rett på nødvendige helse- og omsorgstenester fra kommunen

§ 2-8 Dei som har særleg tyngande omsorgsarbeid kan kreve at kommunen gjer vedtak om tiltak for å lette omsorgsbyrda, og kva dei tiltaka skal være



Mottakere:

Vanylven kommune	Rådhusvegen 1	6143	FISKÅ
Sande kommune	Rønnebergplassen 17	6084	LARSNES
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Ulstein kommune	Postboks 143	6067	ULSTEINVIK
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Sykkylven kommune	Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Giske kommune	Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Vestnes kommune	Rådhuset Brugata 10	6390	VESTNES
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Gjemnes kommune	Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Fjord kommune	Postboks 144	6211	VALLDAL
Haram kommune	Postboks 33	6282	BRATTVÅG
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND

